**Seljord kommune**

| | |
|---|---|
| Arkiv: | U63 |
| Saksnr.: | 2012/1082-6 |
| Sakshand.: | Per Dehli |
| Direkte tlf.: | 35065103 |
| Dato: | 10.06.2014 |

**Saksframlegg**

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Formannskap/økonomiutval | | 19.06.2014 |

# Endring i Skjenkeløyve - Seljord Ferieland

## Saksdokument:

- Søknad frå Seljord ferieland AS
- Uttale frå politiet
- Uttale frå sosialtenesta

## Saksutgreiing:

Seljord kommune har motteke ei søknad frå Seljord Ferieland AS om endring i skjenkeløyve gitt av formannskapet i sak 92/12. Seljord Ferieland AS har løyve til skjenking på terrasse på fram og bakside av eksisterande pub/restaurant. Seljord ferieland AS oppgir i sin søknad at det er liten møteplass/terrasse for gjestande på campinga. Seljord ferieland ynskjer difor å utvide eksisterande skjenkeløyve til også å gjelde ei terrasse på campingplassen, området er på om lag 65 $m^2$ og avgrensa med gjerde. På den nye plassen søkast det om skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gruppe 2 (øl og vin).

Seljord kommune har vært restriktive med skjenkeløyve til campingplassar. Men kommunen har gitt slike løyve der skjenkeplassen er klart avgrensa. Spørsmålet i denne saka er om opphavlig skjenkeløyve ved pub/restaurant er tilstrekkelig og om det er ynskjeleg å ha eit tilbod inne på campingplassen. Kommunen kan legge vekt på tilhøve rundt barn og unge sin eksponering ved vurdering av løyve.

Sosialtenesta anbefaler ikke søknaden med bakgrunn i omsynet til skjerming av barn og unge i kommunen sin alkoholpolitikk. Å opne opp for skjenking inne på ein familiecamping samsvarar ikkje med kommunen sine mål. I tillegg legg sosialtenesta vekt på at det areal det er søkt om skjenkeløyve på ikkje ligg i direkte tilknyting til det lokale som har løyve. Skjenkestaden det er søkt om må difor ha eit eige løyve dersom det skal skjenkast alkohol.

Politiet har ingen merknader til at det blir skjenka alkohol slik det er søkt om.

**Rådmannen si tilråding:**

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

Seljord kommune legg til grunn ein restriktiv alkoholpolitikk når det gjeld skjenking på campingplassar der det er mange born og unge til stades. Samstundes har kommunen opna opp for skjenkeløyve på campingplassar etter spesiell vurdering av skjenkestaden sin plassering. Kommunen legg til grunn at opphavleg skjenkeløyve ved pub/restaurant på Seljord ferieland er tilstrekkeleg og avslår difor Seljord ferieland AS si søknad om utviding av løyvet til også å gjelde eit avgrensa område inne på campingplassen. Avslaget er heimla i alkohollova § 1-7a.

Utskrift til:
Seljord ferieland AS